

## Veteran-suksess på Dønhaug



Jonas Fjeld i aksjon i Dønhauglågen. (Foto: Ola Matti Mathisen)

I overkant av 400 møtte fram til det som Magne Huglen på førehand annonserte som årets høgdepunkt på Dønhaug Gjestegard laurdag kveld. Han vart sannspådd, for dobbeltkonserten med veteranane Jonas Fjeld og Henning Kvitnes vart ein knallsuksess. I fjor var det omtrent like mange på den tilsvarande konserten – med "Dance with a stranger" – som gjekk utomhus..



Henning Kvitnes i aksjon i Dønhauglåven. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Det skulle forresten berre mangle at ikkje frammetet var godt: Når Huglen makta det kunst-stykke å mønstra til samme tid to som har vore desiderte einarar i platebransjen vår gjennom meir ein mannsalder burde suskessen vera sikra. Men det er visse skjær som kan dukka opp i sjøen i slike høve, og eit av dei er ublide vergudar.





Kvitnes-fans ved scenekanten. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Varsla var ikkje dei mest lovande og Huglen fant det klokt å flytte frå tunet og inn på låven. No heldt gudane seg i skinn, men avgjerda var forståeleg og fornuftig.

- Eg hadde ikkje mage til noko anna, sa verten før han skrudde på det spesialmonterte varmeanlegget og gjorde det ekstra triveleg då Kvitnes-konserten gjekk mot klimaks.

Dønhaug-låven er ein velegna danse-arena, men har sine begrensingar som konsertlokale på grunn av formen. Det har lett for å bli mykje "prate-støy" lengst bak og spesielt Jonas Fjeld var tydeleg plaga av det under sin konsert. Han hadde visse problem med å nå fram med sine muntre og slåande kommentarer mellom låtane, som i høg grad er prega av vakre harmoniar og lyriske tekstar. Dei krev gode tilhøve for den som vil lytte. Kvitnes-låtane er derimot meir "rett på".

Kva skal ein så meine om prestasjonane til drammensaren Fjeld (56) og haldensaren Kvitnes (50)? Framfor alt skal dei krediterast for at dei syng på norsk og for at dei i tillegg er gode og aktive ambassadørar for heimstadene sine.

Og så skal dei krediterast for at dei har halde ut på landevegen og diverse arenaer gjennom 35 (Fjeld) og 30 (Kvitnes) år og gjeve ut rundt rekna 30 og 20 album. Det er ein imponerande prestasjon. Sjølv sagt har også dei møtt motgang og bølgedalar undervegs, men dei har standhaftig halde ut og ingen av dei er rustne sjølv om Fjeld etter eige utsagn har vore rusten saman med Paus.

Dette samarbeidet, som har vara sidan 1982, har sett sterke musikalske spor og prega også repertoaret i den fem kvarter lange konserten til Fjeld. Den var ellers prega av den spesielle "Fjeld-sunden" og toppa seg skikkeleg mot slutten då den no 18 år gamle "Engler i snøen" vart framført. - Den låta endra livet mitt, sa Fjeld, som måtte stille opp med ekstranummer.

Det måtte naturlegvis også Kvitnes, som nyleg har runda 50 og har halde på sidan han var 14. No trugar han med å kutta ut turneverksemda.

Ekspertane meiner at haldensaren berre blir betre og betre og vi har ikkje kompetanse til å overprøva dei. Medan Fjeld nærmast har håva inn Spelemannsprisar gjennom åra har Kvitnes nyleg fått sin første, høgst fortente. Så meiner då også anmeldarane at "Stemmer i gresset" frå i fjor haust er hans beste både med omsyn til melodiar, arrangement og tekst. Denne "ærlege cowboyen frå Halden" ausar av stoff frå sitt eige liv – og det blir som regel det beste. Det han presterte i Dønhauglåven laurdag tyder slett ikkje på at han er under nedtrapping.

Av Ola Matti Mathisen



Jo, Jonas er framleis populær....(Foto: Ola Matti Mathisen)